

TINN KOMMUNE
Enhet for plan, landbruk og miljøvern

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Deres ref:

Vår ref
2016/2105-8

Saksbeh:
Bjørn Bjørnsen, tlf. 35 08 25 73

Arkivkode:
K54

Dato:
20.09.2016

**Melding om vedtak - Søknad frå Øst-Telemarkens brukseierforening om å overføre
Flottetjønnebekken til Kalhovdmagasinet – uttale til høyring**


Vi viser til vedlagt vedtak.

Med helsing

Bjørn Bjørnsen
miljøvernrådsgjevar

Kopi til:

ØST-TELEMARKENS BRUKSEIERFORENING Såheimsveien 2 3660 RJUKAN


TINN KOMMUNE

Arkiv: K54
 Saksnr.: 2016/2105-7
 Saksbeh.: Bjørn Bjørnsen
 Dato: 14.08.2016

SAKSFRAMLEGG

Høring - Søknad frå Øst-Telemarkens brukseierforening om å overføre Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Samfunns- og miljøutvalget	44/16	07.09.2016
Tinn kommunestyre	122/16	08.09.2016

Saksprotokoll i Tinn kommunestyre - 08.09.2016
kl 16:15

Behandling

Saken ble behandlet som første sak i forhold til kommunestyrekartet – saksbehandler tilstede for evt å besvare spørsmål.

Votering

Kommunestyret talte 23 representanter i dagens møte, ordinært 25.

Samfunn- og miljøutvalgets innstilling ble vedtatt med 17 mot 6 stemmer.

Vedtak

Tinn kommune går mot at det vert gjeve konsesjon til Øst-Telemarkens Brukseierforening for å overføra Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet. Samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tapet av miljøkvalitetar, og tiltaket må difor ikkje realiserast, (jf. § 12 i vassforskrifta).

Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan verta påverka av overføringa er:

- Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestamma i Tinnsjø
- Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU).
- Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)
- Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i øvre Flottebekktjønn

Tiltaket det er søkt om ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har svært låg restvassføring dei første km av elva, aukande til omlag 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Tiltaket må vurderast etter prinsippet i § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning. Etter vår vurdering er dette prinsippet lagt for liten vekt på i miljørapport og konsekvensvurdering som Norconsult har utarbeida. Endring i restvassføring som følgje av overføringa vert berre 5% ved utløpet av Mår i Tinnsjø. Men dette er ei gyteelv for Tinnsjø, der storauren samla sett har fått vesentleg reduserte gytemoglegheit, fordi dei andre gyteelvene og er forringa som følgje av vasskraftutbygging. Såleis er det eit stort økosystem mellom Kalhovddammen og utløpet av Tinnsjø som vert påverka. Her vert det ein sum av endringar som kjem i tillegg til tidlegare større inngrep. Utnytting av fallet mellom Gjøystvatn og Grottevatn ved Strengen er eit anna O&U prosjekt som bør vurderast. Her er det berre ein kort menneskeskapt kanal mellom to magasin som vert påverka, og samla belastning vert tilsvarande liten.

Gjennom innspel til NVE-rapport 49:2013 om prioritering av vassdrag for vilkårsrevisjon og høyringsuttaler til regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken har Tinn kommune lagt fram fagleg argumentasjon for å gje Mår-Gjøyst reguleringa prioritet 1.1. for vilkårsrevisjon, og innføre miljømål basert på tiltak som høyrer inn under sektorlovverket for vasskraftsektoren. Klima- og Miljødepartementet gav sin godkjenning av regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 04.07.16, men avviste planen på desse to avgjerande punkta for Tinn kommune. Mår-vassdraget er plassert blant dei vassførekomstane der miljømålet skal vera det same som dagens tilstand. På bakgrunn av denne strenge avgrensinga av kva avbøtande miljøtiltak som er aktuelle vurderer Tinn kommune det som uforsvarleg å gje konsesjon for dette eine O&U prosjektet som er økonomisk lønsamt, men har store miljøkonsekvensar. Andre O&U prosjekt som er mindre lønsame, men meir miljøeffektive må vurderast parallelt og saman med miljøkonsekvensar av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera dette gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen.

ØTB ynskjer å la Flottetjønnbekken gå med full naturleg vassføring i tida 15.07 til 31.08 og 5-persentilen for sommar (28 l/s) resten av året. Dette er positivt fordi det er litt meir enn vanleg i andre småkraftverk. Ved ein eventuell overføring av Flottetjønnbekken, med ein beskjeden vassmengde til minstevassføring, må denne kunne sleppast over Kalhovddammen. Då kan vassføringa aukast når behovet er størst.

Tinn kommune har status som nasjonalparkkommune. Kalhovdområdet er kommunen sin viktigaste innfallspor til Hardangervidda. Flottetjønnbekken har vesentleg alternativ økonomisk verdi som miljøelement ved utviklinga av dette området.

Tinn kommune har slutta opp om arbeidet med regional vassforvaltingsplaner, også på område som vil medføre utgifter for kommunen. Ein har vore lojal til at regional planlegging skal vera møtestad mellom nasjonal politikk og lokale interesser.

Saksprotokoll i Samfunns- og miljøutvalget - 07.09.2016

Behandling

Rådmannen ved miljøvernrådgiver Bjørn Bjørnsen presenterte utbyggingen for utvalgets representanter.

Votering

Rådmannens innstilling ble vedtatt med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak

Tinn kommune går mot at det vert gjeve konsesjon til Øst-Telemarkens Brukseierforening for å overføra Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet. Samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tapet av miljøkvalitetar, og tiltaket må difor ikkje realiserast, (jf. § 12 i vassforskrifta).

Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan verta påverka av overføringa er:

- Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestamma i Tinnsjø
- Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU).
- Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)
- Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i øvre Flottebektjønn

Tiltaket det er søkt om ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har svært låg restvassføring dei første km av elva, aukande til omlag 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Tiltaket må vurderast etter prinsippet i § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning. Etter vår vurdering er dette prinsippet lagt for liten vekt på i miljørapport og konsekvensvurdering som Norconsult har utarbeida. Endring i restvassføring som følgje av overføringa vert berre 5% ved utløpet av Mår i Tinnsjø. Men dette er ei gyteelv for Tinnsjø, der storauren samla sett har fått vesentleg reduserte gytemoglegheitar, fordi dei andre gyteelvene og er forringa som følgje av vasskraftutbygging. Såleis er det eit stort økosystem mellom Kalhovddammen og utløpet av Tinnsjø som vert påverka. Her vert det ein sum av endringar som kjem i tillegg til tidlegare større inngrep. Utnytting av fallet mellom Gjøystvatn og Grottevatn ved Strengen er eit anna O&U prosjekt som bør vurderast. Her er det berre ein kort menneskeskapt kanal mellom to magasin som vert påverka, og samla belastning vert tilsvarande liten.

Gjennom innspel til NVE-rapport 49:2013 om prioritering av vassdrag for vilkårsrevisjon og høyringsuttaler til regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken har Tinn kommune lagt fram fagleg argumentasjon for å gje Mår-Gjøyst reguleringa prioritet 1.1. for vilkårsrevisjon, og innføre miljømål basert på tiltak som høyrer inn under sektorlovverket for vasskraftsektoren. Klima- og Miljødepartementet gav sin godkjenning

av regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 04.07.16, men avviste planen på desse to avgjerande punkta for Tinn kommune. Mår-vassdraget er plassert blant dei vassførekomstane der miljømålet skal vera det same som dagens tilstand. På bakgrunn av denne strenge avgrensinga av kva avbøtande miljøtiltak som er aktuelle vurderer Tinn kommune det som uforsvarleg å gje konsesjon for dette eine O&U prosjektet som er økonomisk lønsamt, men har store miljøkonsekvensar. Andre O&U prosjekt som er mindre lønsame, men meir miljøeffektive må vurderast parallelt og saman med miljøkonsekvensar av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera dette gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen.

ØTB ynskjer å la Flottetjønnbekken gå med full naturleg vassføring i tida 15.07 til 31.08 og 5-persentilen for sommar (28 l/s) resten av året. Dette er positivt fordi det er litt meir enn vanleg i andre småkraftverk. Ved ein eventuell overføring av Flottetjønnbekken, med ein beskjeden vassmengde til minstevassføring, må denne kunne sleppast over Kalhovddammen. Då kan vassføringa aukast når behovet er størst.

Tinn kommune har status som nasjonalparkkommune. Kalhovdområdet er kommunen sin viktigaste innfallspurt til Hardangervidda. Flottetjønnbekken har vesentleg alternativ økonomisk verdi som miljøelement ved utviklinga av dette området.

Tinn kommune har slutta opp om arbeidet med regional vassforvaltingsplaner, også på område som vil medføra utgifter for kommunen. Ein har vore lojal til at regional planlegging skal vera møtestad mellom nasjonal politikk og lokale interesser.

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune går mot at det vert gjeve konsesjon til Øst-Telemarkens Brukseierforening for å overføra Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet. Samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tapet av miljøkvalitetar, og tiltaket må difor ikkje realiserast, (jf. § 12 i vassforskrifta).

Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan verta påverka av overføringa er:

- Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestamma i Tinnsjø
- Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU).
- Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)
- Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i øvre Flottebekktjønn

Tiltaket det er søkt om ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har svært låg restvassføring dei første km av elva, aukande til omlag 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Tiltaket må vurderast etter prinsippet i § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning. Etter vår vurdering er dette prinsippet lagt for liten vekt på i miljørapport og konsekvensvurdering som Norconsult har utarbeida. Endring i restvassføring som følgje av overføringa vert berre 5% ved utløpet av Mår i Tinnsjø. Men dette er ei gyteelv for Tinnsjø, der storauren samla sett har fått vesentleg reduserte gytemoglegheit, fordi dei andre gyteelvene og er

føringa som følgje av vasskraftutbygging. Såleis er det eit stort økosystem mellom Kalhovddammen og utløpet av Tinnsjå som vert påverka. Her vert det ein sum av endringar som kjem i tillegg til tidlegare større inngrep. Utnytting av fallet mellom Gjøystvatn og Grottevatn ved Strengen er eit anna O&U prosjekt som bør vurderast. Her er det berre ein kort menneskeskapt kanal mellom to magasin som vert påverka, og samla belastning vert tilsvarande liten.

Gjennom innspel til NVE-rapport 49:2013 om prioritering av vassdrag for vilkårsrevisjon og høyringsuttaler til regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken har Tinn kommune lagt fram fagleg argumentasjon for å gje Mår-Gjøyst reguleringa prioritet 1.1. for vilkårsrevisjon, og innføre miljømål basert på tiltak som høyrer inn under sektorlovverket for vasskraftsektoren. Klima- og Miljødepartementet gav sin godkjenning av regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 04.07.16, men avviste planen på desse to avgjerande punkta for Tinn kommune. Mår-vassdraget er plassert blant dei vassførekomstane der miljømålet skal vera det same som dagens tilstand. På bakgrunn av denne strenge avgrensinga av kva avbøtande miljøtiltak som er aktuelle vurderer Tinn kommune det som uforsvarleg å gje konsesjon for dette eine O&U prosjektet som er økonomisk lønsamt, men har store miljøkonsekvensar. Andre O&U prosjekt som er mindre lønsame, men meir miljøeffektive må vurderast parallelt og saman med miljøkonsekvensar av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera dette gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen.

ØTB ynskjer å la Flottetjønnbekken gå med full naturleg vassføring i tida 15.07 til 31.08 og 5-persentilen for sommar (28 l/s) resten av året. Dette er positivt fordi det er litt meir enn vanleg i andre småkraftverk. Ved ein eventuell overføring av Flottetjønnbekken, med ein beskjeden vassmengde til minstevassføring, må denne kunne sleppast over Kalhovddammen. Då kan vassføringa aukast når behovet er størst.

Tinn kommune har status som nasjonalparkkommune. Kalhovdområdet er kommunen sin viktigaste innfallspurt til Hardangervidda. Flottetjønnbekken har vesentleg alternativ økonomisk verdi som miljøelement ved utviklinga av dette området.

Tinn kommune har slutta opp om arbeidet med regional vassforvaltingsplaner, også på område som vil medføra utgifter for kommunen. Ein har vore lojal til at regional planlegging skal vera møtestad mellom nasjonal politikk og lokale interesser.

Innleiing:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ved brev av 03.05.16 oversendt søknad om konsesjon for overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet (jf. vedlegg). Søknadane frå Øst-Telemarkens Brukseierforening er utlagt til offentleg ettersyn på servicekontoret på Rjukan og er tilgjengelege på heimesida til NVE. Den er og gjort kjent gjennom annonse i Rjukan Arbeiderblad, Telemarksavisa og Varden. Kommunen har fått utsett fristen til 25.09.16 for å gje høyringsuttale til NVE.

Søknaden vert handsama etter reglane i § 6 i vassdragsreguleringslova.

Konsesjonssøknaden inneheld miljørapport og konsekvensvurdering som er utarbeida av Norconsult.

Tiltaket vil føra til at avrenninga frå eit 9,4 km² stort nedbørfelt med naturleg drenering til Mårelva vert overført via ein 800 meter lang rørleidning til Kalhovdfjorden som er magasin for Mår-kraftverk. Inntaket i Flottetjønnbekken vil vera ein 4 m høg betongdam. Røyrleidninga vil verta lagt ned i fundamentet til Kalhovdvegen. Tiltakshavar ser på dette prosjektet som eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O&U) i og med at energigevinsten kjem som ein tilleggproduksjon i Mår og Mæl kraftverk.

Mårvassdraget inngår i Aust-Telemark vassområde, som høyrer til vassregion Vest-Viken. Gjennom forvaltningsplanen for vassregion Vest-Viken 2016-2021 er det sett miljømål for alle vassførekomstane i regionen. Miljømåla er knytt til EUs vassdirektiv som er implementert i norsk rett gjennom vassforskrifta.

Målet er at alt ferskvatn og kystvatn skal oppnå god økologisk tilstand/ godt økologisk potensial innan 2021. Alt vatn skal oppnå god kjemisk tilstand. Vassforskrifta opnar likevel for tilpassa løysingar for den einskilde vassførekomsten, både gjennom utsetjingar for å nå miljømåla til seinare planperiodar (§ 9), mindre strenge miljømål (§ 10) og løyve til nye inngrep/ ny aktivitet i vassførekomstar sjølv om miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden blir forringa (§ 12).

Regional plan for vassregion Vest-Viken 2016-2021 vart vedteken av alle åtte fylkesting i regionen i desember 2015. Den sentrale godkjenninga av planen vart gjeve av Klima og miljødepartementet (KLD) i brev datert 04.07.2016.

I arbeidet med regional plan vart det gjort ei regional prioritering av vassdragskonsesjonar som kan reviderast innan 2022 etter same metode som i den nasjonale prioriteringa (NVE-rapport 49:2013). Konsesjonen for reguleringa av Mår-Gjøyst fekk prioritet 1.1 i regional prioritering, mot 1.2 i den nasjonale gjennomgangen, med m.a. forslag om minstevassføring i Mårelva og biotoptiltak for storaure i nedre del av elva. Tinn gav sin tilslutning til den regionale planen då den var på høyring, gjennom vedtak i kommunestyret (k-sak 65/14 og k-sak 63/15). I strid med vedtaka i kommunen og fylkeskommunen sette KLD miljømålet for Mårelva til at dagens tilstand er godt økologisk potensiale.

Når det skal fattast vedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan føra til at miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa skal det gjerast ein vurdering etter reglane i § 12 i vassforskrifta. Det er sektorstyresmakta som skal vurdere om § 12 skal nyttast for det omsøkte tiltaket, både om heimelen skal nyttast og om vilkåra i paragrafen er oppfylt. Dersom aktiviteten/ inngrepet ikkje er til hinder for at miljømålet blir oppfylt eller ikkje medfører at tilstanden vert forringa, kan det gjevast løyve til inngrep/ aktivitet utan at vilkåra i 2. ledd i § 12 vert vurdert.

I tillegg til økologisk og kjemisk miljømål, skal det i følge regional plan for vassregion Vest-Viken 2016-2021, også takast omsyn til brukarinteresser i vurderinga etter vassforskrifta.

Fakta:

Utbygginga etter konsesjonen av 1943/48 førte til at Mår-vassdraget og Gjøyst-vassdraget vart ført i tunnel til Mår-kraftverk i Vestfjorddalen, og at m.a. Mårelva nedstrøms Kalhovddammen vart tørrlagt utan at det vart sett noko krav til minstevassføring i elva.

Flottetjønnbekken har sitt utspring i Vestre Flottetjønn, renn ut i Øvre Flottebekktjønn rett på nedsida av Kalhovddammen, og er det viktigaste bidraget til restvassføringa i Mår på dei første km av elva.

Mårelva er omlag 32 km lang og har eit nedbørfelt på 754 km² ved innløpet til Tinnsjø. Av dette er 589 km² overført til Mår kraftverk, medan restfeltet på 165 km² renn i Mår ned til Tinnsjø. Dei største sidevassdraga til Mårelva er Flottetjønnbekken, som har samsløp med Mår 0,6 km nedafor Kalhovddammen, Ramsåe med samsløp etter 10 km og Vesleåe med samsløp etter 23 km. Middelvassføringa i Mår i uregulert tilstand er om lag 19,1 m³/s ved innløpet i Tinnsjø. Tilsiget frå det regulerede restfeltet gjev tilsvarande eit normalavløp på 4,7 m³/s, som er omlag 24 % av vassføringa før reguleringa.




Fig. 1: Kart over Kalhovdområdet med Flottetjønnbekken og Mårelva ned til samsløpet med Ramsåe. Frå www.vann-nett.no/saksbehandler/

Vassdragsmiljø

Tinnsjø har nasjonal verdi som storaurelokaltet. Reguleringane av tilløpselvene Måna, Gjøyst og Mår i nordenden av sjøen, og utløpselva Tinnåe i sør, førte til ein sterk reduksjon av gyteplassar for storauren i Tinnsjø og bestanden vart etterkvart karakterisert som trua. Fylkesmannen i Telemark innførte forskrift i 1998 for regulering av fiske på storaure på gytevandring, m.a. i Mårøset.

I følgje rapport frå Naturhistorisk museum (nr. 35:2014) "Fiskeribiologiske undersøkinge i nedre del av elvene Mår og Gjøyst i Tinn kommune", kan Tinnsjø-aure i dag vandre utan hindringar opp til Kaddehølen som ligg 1,1 km oppstrøms Tinnsjø. Før reguleringa vart det lystra stor aure også ovanfor Kaddehølen. Det er derfor sannsynleg at aure før reguleringa kunne gå opp til Grånhølan ca 2,7 km oppstrøms Tinnsjø. På den nedste strekninga av elva er det to flaumløp på til saman 700 m som før utbygginga truleg

hadde vassføring også utanom flaumperiodane, og at dei derfor fungerte både som gyte- og oppvekstområde for Tinnsjø-auren. Den totale strekninga som auren kunne nytte til gyting og oppvekst var derfor 3,4 km mot i dag 1,1 km.

Bekkekløft i Mår ved Håkaland.

Bekkekløfta har fuktigheitskrevjande bergveggsflora og epifyttar av både lav og mose med fleire raudlista arter, m.a. den sterkt trua fossefylltaven på berg som er sterkt fuktigheitskrevjande. Kløfta har også eit stort potensial for fleire krevjande artar. På bakgrunn av dette er bergkløfta vurdert som svært viktig (A), og inngår som ein av dei viktigaste bergkløftene i regionen. Ei vassføring på minst dagens nivå er oppgjeve som skjøtselstiltak for området (www.naturbase.no).

Bekkekløft i Mår ved Gausetbygde. Bekkekløfta har enkelte luftfuktigheitskrevjande mose- og lavartar og svakt naturskogpreg med nokre raudlisteartar av låg kategori, noko som gjev kløfta lokal verdi (C).

Flottetjønnbekken har variert substrat og vasshastigheit som gjev gode levevilkår for botndyr og fisk. Aure i øvre Flottebektjønn brukar bekken som gyte- og oppvekstområde. Langs nedre del av Flottetjønnbekken er det rik vegetasjon prega av jamn fuktigheit, rik berggrunn og kalkrikt sigevatn. Dette området med rik vegetasjonen vert nytta som habitat for spurvefuglar.

Landskap og friluftsliv

Øvre del av elva Mår er godt synleg frå Kalhovdvegen, som er ein mykje nytta innfartsport til stig- og løypenettet på Hardangervidda. Veggen blir også mykje nytta av sykkistar (2000-3000 årleg). Landskapsverdien av området er sterkt redusert på grunn av låg restvassføring i elvene og av tørrlagte reguleringssoner i magasina. Mår er lett tilgjengeleg for fiske og friluftsliv nedover frå Kalhovddammen.

Breidsetdalen ligg lenger ned langs Mår og her er det eit gammalt seterlandskap i eit storslått landskapsrom omgjeve av bratte fjell. Heile seterdalen frå Øvsetgjuvet til Steinsbøle på omlag 8300 mål, er registrert som eit interessant heilskapleg kulturlandskap (www.naturbase.no). Mårelva går gjennom seterdalen, og er eit viktig element i landskapet.

Økonomiske verknader

Prosjektet er berekna til å kosta 24 MNOK. Av dette kan lokale entreprenørar få oppdrag på inntil 8 – 10 MNOK, over ein anleggsperiode på omlag 6 månadar. Det vert ingen nye arbeidsplassar i driftsfasen fordi vatnet skal nyttast i eksisterande kraftverk.

Eigarane vil få leigeinntekter frå fallretten, men det går ikkje fram av søknaden kor mykje det utgjer. Omlag 50 % av desse inntekne går til Statkraft fordi dei tidlegare har kjøpt opp fallrettane.

Tinn kommune kan få inntekter frå eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter. I søknaden er dette estimert til 300.000 NOK i året. Noko reduksjon i overføringar frå Staten kan koma til fråtrekk.

Vurdering:

Vassdragsmiljø Mårelva

Mårelva som er karakterisert som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) er inndelt i tre vassførekomstar med ulik økologisk tilstand; 016-859-R Mår (Ramsåe – Kalhovddammen) har “dårleg økologisk potensiale”, 016-855-R Mår (Vesleåe – Ramsåe) har “godt økologisk potensiale” og 016-868-R Mår (Tinnsjø – Vesleåe) har “moderat økologisk potensiale”. Flottetjønnbekken inngår i vassførekomsten 016-860-R Mår bekkefelt (Ramsåe - Kalhovddammen), og økologisk tilstand er sett til “svært god” utan registrerte påverknader (<http://vann-nett.nve.no>).

Ved sentral godkjenning av Regional vassforvaltningsplan for vassregion Vest-Viken 2016-2021 er miljømålet GØP for Mår sett til “dagens tilstand”. Miljømålet for Flottetjønnbekken er “Svært god tilstand”. Dersom samfunnsnyttan i form av auka kraftproduksjon ved overføring av Flottetjønnbekken overstig tapet av miljøkvalitetar kan det tillatast at miljømåla blir senka (jf. § 12 i vassforskrifta).

Klima- og miljødepartementet har i si godkjenning av regional forvaltningsplan sterkt avgrensa moglegheiten til å få gjennomført vilkårsrevisjon av reguleringskonsesjonen for Mår/Gjøyst reguleringa på den måten Tinn kommune ynskjer. Ved å setta miljømålet til «dagens tilstand» tek departementet utgangspunkt i av at det ikkje er naudsynt med minstevassføringar eller endringar i manøvreringa av reguleringsmagasina.

Etter overføringa vil nedre del av Mår få ca 95 % av dagens vassføring. Konsekvensen av tiltaket i form av redusert gyte- og oppvekstområde for storaurebestanden i Tinnsjø er i søknaden derfor vurdert til *liten negativ*. Sidan vassføringa i Mårelva alt er redusert med over 75 % i høve til naturleg vassføring, kan og ein beskjedne fråføring av vatn få større konsekvensar for storauren enn det går fram av søknaden og at dette må vurderast nøye i samsvar med §10 i naturmangfaldlova (nmfl), prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Mindre vassføring vil truleg også medføre at det vert vanskelegare å leggje til rette for meir gyting/ større oppvekstområde i elva, som foreslått av Naturhistorisk museum (rapport nr 35, 2014).

Bekkekløfta ved Håkaland har nasjonal verdi (verdi A). Som skjøtselstiltak for bekkekløfta er ei vassføring i Mår på minst dagens nivå vurdert som viktig. Ein kan ikkje sjå at denne bekkekløfta er vurdert i konsekvensutgreiinga.

I søknaden blir konsekvensane av overføringa for bekkekløfta ved Gauset (verdi C) vurdert til å vera *liten til middels negativ*. Også for denne lokaliteten må samla belastning vurderast nøye, jf. nmfl § 10.

Vassdragsmiljø Flottetjønnbekken

Mindre vassføring i Flottetjønnbekken vil medføre at aurebestanden i øvre Flottebektjønn vil få redusert gyting i bekken, og bestanden vil såleis verta sterkt redusert eller i verste fall gå ut. Ved redusert vassføring vil det nedste området langs bekken med rik og kalkrikevegetasjon bli mindre og få meir tørketolerante artar.

Landskap og friluftsliv

Overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet vil føra til at øvre Mår i gjennomsnitt får ei vassføring på 38 % av dagens nivå ved utløpet av nedre

Flottebekktjønn, noko som vil verke ytterlegare negativt på landskapet ved Kalhovde. I konsekvensvurderinga er konsekvensane av overføringa for landskapet vurdert som *liten til middels negativ*, ut frå at elva her er vidstrakt og at mykje av den vesle vassføringa likevel forsvinn blant store steinar. Terskelbygging og samling av vatnet i ei vassåre kan motverke dette, dersom vassføringa er på dagens nivå.

I Breisetdalen er vassføringa etter overføringa estimert til omlag 92 % av dagens vassføring, og vil såleis ikkje ha så stor innverknad på landskapet. Men fråføringa kan likevel påverke vegetasjonen langs vassdraget i seterdalen, og såleis verdien av kulturlandskapet.

Flottetjønnbekken er eit positivt landskapselement i det opne landskapet ned mot Flottebekktjønn, og har fått *middels verdi* i verdivurderinga. Redusert vassføring vil også gje ein meir einsarta vegetasjon langs bekken og såleis eit mindre variert landskap.

Samfunnsnytte

Særleg omsynet til gyte- og oppvekstområde for storauren i Mår og kvalitetane i bekkekløfta ved Håkaland, må vege tungt i ei avveging av miljøkvalitetar mot samfunnsnyttan. Men også tap av gyteområde for auren i Flottebekktjønn og kvalitetane i bekkekløfta ved Gauset må med i vurderinga.

I tillegg til overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet, har ØTB vurdert fleire andre O&U- prosjekt som kan auke innvunnen kraft i Mår og Mæl kraftstasjonar. Desse prosjekta er skrinlagt på grunn av låg bedriftsøkonomisk gevinst. Særleg prosjektet ved Strengen for utnytting av fallet mellom Gjøystvatn og øvre Grotte er eit tiltak som vil medføre lite tap av miljøkvalitetar. Utrekningar viser at dette tiltaket vil gje omlag 10 GWh.

Konklusjon:

Sidan Mårvassdraget er strekt prega av tidlegare reguleringar, må konsekvensane for biologisk mangfald, landskap og friluftsliv i vassdraget av ei ytterlegare fråføring av vatn vurderast nøye. Særleg bør det gjerast ein grundigare analyse av konsekvensane for storaure og raudlista arter i bekkekløftene, jf. nmfl § 10.

Tapet av miljøverdiar ved overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet er større enn samfunnsnyttan i innvunnen kraft, og tiltaket bør difor ikkje gjennomførast, jf. §12 i vassforskrifta, 2.ledd. Dei viktigaste miljøverdiane som vil verta påverka av redusert vassføring i Mårelva er gyte- og oppvekstområda for storauren i nedre Mår og raudlisteartar i bekkekløfta ved Håkaland (A-verdi). Artar i bekkekløfta ved Gauset (verdi C) vil også truleg bli påverka av redusert vassføring. Vidare vil aurebestanden i øvre Flottebekktjønn bli sterkt redusert/ gå tapt og den fuktkevande vegetasjon langs bekken kan verta erstatta av tørketolerante artar.

Andre O&U-prosjekt kunne gje omlag same mengde innvunnen kraft i Mår/ Mæl som overføringa av Flottetjønnbekken, men med mindre tap av miljøkvalitetar. Desse bør vurderast i samheng med det omsøkte prosjektet i vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen for Mår/Gjøyst utbygginga . Særleg prosjektet ved Strengen, som vil utnytte fallet mellom Gjøystvatn og Øvre Grotte, er interessant. Her går vatnet i dag i ein støypt kanal, og fråføring for utnytting til kraftproduksjon vil såleis ikkje medføre tap av miljøkvalitetar.

Det økonomiske utbytte for lokalsamfunnet og Tinn kommune vert ikkje stort. Flottetjønnbekken med naturleg vassføring kan vera like mykje verdt som naturelement ved utvikling av Kalhovdområdet

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev - Søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet i Tinn kommune i Telemark med vedlegg
- 2 Høringsbrev - Søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet i Tinn kommune i Telemark - NVEs referanse: 201600704-2
- 3 Vedk. utsett høringsfrist for søknad om overføring av Flottetjønnbekken
- 4 Konesjonssøknad med prosjekt og KU
- 5 Konesjonssøknaden
- 6 Oversikt over vedlegg til søknaden
- 7 Regionalt kart med utbyggingsområdet
- 8 Oversiktskart med nedbørfelt
- 9 Utbyggingskart med arealdisponering
- 10 Lengdesnitt av vannvei
- 11 Oppriss og snitt av inntaktsdam
- 12 Hydrologisk notat og skjema
- 13 Eiendomskart
- 14 Oversikt over berørte grunneiere og rettighetshavere
- 15 Miljørapport
- 16 Overføring av Flottetjønnbekken - oppdatering av miljørapport i henhold til ny rød liste
- 17 Konesjonssøknad - overføring av avløpet fra Flottetjønnbekken til Kalhovfjorden
- 18 Berørte rettighetshavere
- 19 Kopi av brev- Kunngjøring-søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet
- 20 Ny høringsfrist Flottetjønnbekken

Journalposter i saken:

- | | | | | |
|---|---|------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| 1 | I | 03.05.2016 | Høringsbrev - Søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet i Tinn kommune i Telemark - NVEs referanse: 201600704-2 | NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) |
| 2 | I | 11.05.2016 | Vedk. utsett høringsfrist for søknad om overføring av Flottetjønnbekken | Nicolai Østhus |
| 3 | U | 18.05.2016 | Høring - Telemarkens Brukseierforening - Søknad om å overføre Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet i Tinn kommune i Telemark
Vedk. frist for høring av søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet | NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) |
| 4 | I | 12.05.2016 | Konesjonssøknad med prosjekt | ØST-TELEMARKENS |

5	I	6 25.05.201 6	og KU Konsesjonssøknad - overføring av avløpet fra Flottetjønnbekken til Kalhovfjorden	BRUKSEIERFORENING ØST-TELEMARKENS BRUKSEIERFORENING
6	I	6 30.05.201 6	Ny høringsfrist Flottetjønnbekken	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
7	S	6 14.08.201 6	Høyring - Søknad frå Øst- Telemarrkens brukseierforening om å overføre Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet	